

MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Leikanger - fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	04.05.2016
Kl.	13:00 – 14.35

Faste medlemmer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Gunhild Berge Stang, V

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møteboka frå 18. april 2016 vart godkjend utan merknader.

Munnlege orienteringar:

1. Norsk klimaservicesenter, v/Hege Hisdal, supplert av Brigt Samdal, regionsjef i NVE Region Vest, orienterte om «Klimaprofil for Sogn og Fjordane». Denne er å finne på <https://klimaservicesenter.no/faces/desktop/article.xhtml?uri=klimaservicesenteret/klimaprofiler/klimaprofil-sogn-og-fjordane>

2. Fjord1 AS:

- Fylkesordføraren orienterte nærmare om hennar e-post til fylkesutvalet av 20.04.16, der ho opplyste at ho var blitt kjend med at dei fire dokumenta som styreleiaren i Fjord1, Pål W. Lorentzen, overrekte fylkesutvalet i møte 13. april, var blitt lekka til media. E-posten er arkivert i journalpost 15/8067-201. Fylkesutvalet drøfta saka.
- Fylkesordføraren orienterte frå kontaktmøtet 28.04.16 mellom fylkeskommunen, v/fylkesordføraren og fylkesrådmannen, styreleiaren i F1 Holding AS og styremedlemene i Fjord1 som er valde av F1 Holding. Fylkesutvalet vedtok at denne orienteringa skulle finne stad bak lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23, nr. 4. Orienteringa vart gitt ut frå dokument arkivert i journalpost 15/8067-214.

Fylkesutvalet vedtok at drøftinga av dokument nr. 2a og 2b i sak 40/16 skulle finne stad bak lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23, nr. 4.

SAK 36/16 Høyringsuttale - takstsøknad frå Førdepakken bomselskap AS

VEDTAK:

Fylkesutvalet sluttar seg til takstsøknaden frå Førdepakken bomselskap AS.

SAK 37/16 Budsjett 2016 - Fylkesrådmannen sine fullmakter i samband i høve plansjefstillinga

VEDTAK:

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forvalte 1,550 mill. kr sett av til arbeid med regionalt plan- og utviklingsarbeid. Større einskildløyvingar eller løyvingar av prinsipiell art skal gå til fylkesutvalet for avgjerd.
 2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forvalte 1,450 mill. kr til tiltak i tråd med handlingsprogrammet for klima og miljø.
 3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forvalte overførte midlar frå 2015 innafor satsingsområda i budsjettet.
 4. Fylkesrådmannen skal hausten 2016 rapportere til fylkesutvalet på korleis fullmakta er blitt nytta.
-

SAK 38/16 Høyring - Evaluering av offentleglova

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek evalueringsrapporten frå Oxford Research AS til orientering.
 2. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer framlegg om at:
 - Regelen om at forvaltningsorganet skal vurdere meirinnsyn blir endra til ein regel om plikt til offentleggjering etter ei interesseavveging.
 - Det blir gjeve ein lovregel om handtering av innsynskrav som er sett fram for å sjikanere forvaltningsorganet.
-

SAK 39/16 Søknad om stipend under spesialisering i kjeveortopedi

VEDTAK:

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Tannlege Jon-Jørgen Tisthamar får 150 000 kr i årleg stipend i 3 år under utdanning som kjeveortoped. Det er ein føresetnad at Tisthamar bind seg til å arbeide i 3 år som kjeveortoped i fylket etter fullført utdanning.
2. Stipendet vert fondsfinansiert innafor budsjettet for tannhelsetenesta.

SAK 40/16 Skriv og meldingar fylkesutvalet 4. mai 2016.

Følgjande skriv og orienteringar vart handsama:

1a: Fylkeskommunene og kommunens innsats for å styrke de ansattes yringsfrihet

1b: Sivilombudsmannens uttalelse

2a og b: Avvikling av fylkeskommunalt eigarskap i Firda Billag AS, jf. fylkestings sak 33/14.

Fylkesutvalet fann Gunhild Berge Stang ugild til å delta ved drøftinga av saka. Bjørn Erik Hollevik fekk habiliteten sin vurdert. Fylkesutvalet fann han gild til å delta ved drøftinga.

Den valde eigarutsendinga, fylkesordføraren, kan ikkje møte på generalforsamlinga i selskapet 25. mai og gav i staden fullmakt til Trude Brosvik til å møte som eigarutsending frå fylkeskommunen.

3: Brev frå Stortingets Transport- og kommunikasjonskomité

4a: Kirkens SOS Bjørgvin – Søknad om driftsstønad for 2016

4b: Budsjett 2016

VEDTAK:

Fylkesutvalet løyver kr 50 000 til Kirkens SOS Bjørgvin frå budsjettposten «Fylkesutvalet til disposisjon».
